

25.06.2017

Av: Hilde Aadland

Publisert: 19.08.2016 00:00

Oppdatert: 10.01.2017 09:14

Turnuslege i Stord kommune

Stilling kopla til Stord sjukehus.

Stord kommune er ein industrikommune i Hordaland med ca. 18.000 innbyggjarar. Stord er kommunikasjons- senter og regionssenter for Sunnhordland med gode samband til Bergen, Haugesund og Stavanger. Her er flyplass med flygingar til m.a. Oslo. Kommunen er landfast sørover med Trekantsambandet. Skuleverket er godt utbygd med m.a. vidaregåande skular, allmennlærerutdanning, forskulelærerutdanning, sjukepleiarutdanning og ingeniørutdanning. Vidare ligg Stord sjukehus her. Stord har eit rikt kulturliv med nærare 300 organisasjonar, og det er gode vilkår for sport og friluftsliv.

Turnuslege

Stord kommune har mangeårig erfaring med å ha turnuslege knytt til Heiane legesenter. Rettleiar for turnuslegen arbeider saman med 3 andre legar i same kontorfellesskap. Turnuslegen får offentleg allmenmedisinsk arbeid på rehabiliteringssenter og som vikar innafor førebyggjande helsetenester ved behov.

Me har eit innføringsprogram på legevakta som inneber sjølvstendig vakt tidlegast 2 veker etter tilsetjing. Det er fast namngjeven bakvakt i legevaktarbeidet gjennom heile turnusperioden. Slik vaktdeling har vore no, må det påreknast 3 vakter kvar mnd.

Stillinga er bindande kopla til Helse Fonna HF, Stord sjukehus. I samråd med Helse Fonna HF har me utvelgingskriterier nedfelt i avtale.

Søkjarar med anna morsmål enn norsk, svensk, dansk og som ikkje har teke utdanning på norsk universitet, må kunna dokumentera bestått språkkurs på C1 nivå når språkkurs vert krevd.

Det må søkjast gjennom Helsedirektoratet sin web-baserte søknadsportal, med gjeldande fristar.

Tilsettings kontakt: Kari Presthaug tlf. 53496637.